



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Administrasjonsutvalet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 04.06.2018
Tid: 09:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 8/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 9/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 10/18	Tariffrevisjon pr 1.5.2018 - Hovudtariffavtale 2018 til uravstemming

PS 8/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 9/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Berit Lyngstad

Arkivsak nr.: 2018/1006

Arkivkode: 510

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
10/18	Administrasjonsutvalet	04.06.2018

TARIFFREVISJON PR 1.5.2018 - HOVUDTARIFFAVTALE 2018 TIL URAVSTEMMING

Administrasjonen si tilråding:

**Volda kommune stemmer ja til forslaga i tariffrevisjonen per 1.5.2018.
Rådmannen signera den elektroniske stemmeblanketten.**

Vedleggsliste:

[A-rundskriv 1-2018](#)

Samandrag av saka:

KS og forhandlingssamanslutningane har etter forhandlingar kome fram til ei løysing ved tariffrevisjonen 2018. Arbeidsgjevarrepresentantane i administrasjonsutvalet i Volda kommune har i K-sak 80/12 fått mynde til å avgjere saker vedkomande A-rundskriv frå Kommunenes Sentralforbund (KS) som krev vedtak.

Saksopplysningar/fakta:

Forhandlingane om ny Hovudtariffavtale starta 11. april 2018, og den 30. april 2018 anbefalte alle forhandlingssamanslutningane KS sitt siste tilbod.

Lønnsoppgjøret vart forhandla fram innafør ei økonomisk ramme på 2,8 prosent. Det er det same som anslaget for årslønsveksten i frontfaget. Det er ikkje avsett midlar til lokale lønsforhandlingar i kapittel 4 i 2018.

Det er den anbefalte forhandlingsløysinga som kjem fram av vedlegget til A-rundskrivet kommunen skal stemme ja eller nei til. Uravstemminga skjer elektronisk, med frist 8. juni kl 10.00.

Hovudstyret i KS rår medlemmane å stemme JA i uravstemminga.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at Volda kommune fyl hovudstyret i KS si anbefaling og stemmer JA i uravstemminga.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Berekna årslønsvekst er på 2,8 %.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Berit Lyngstad

Personalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

KS via elektronisk stemmesetel